



Branntrygg i båt

- Monter både røykvarslar og gassvarslar i båten og sjekk at dei verkar. Kullosgassen er luktfri og vanskeleg å oppdage.
- Ha minst eitt 2-kilos brannsløkkingsapparat lett tilgjengeleg i båten.
- Ha alltid flytevest på når du er ute i båt. Det er påbode å ha flyteutstyr/redningsvest tilgjengeleg til alle personar om bord og klart til bruk dersom det oppstår brann.
- Fortøy båten i god avstand til andre båtar slik at den lett kan løysast ut om ein brann skulle oppstå.
- Gassanlegg og koke- og varmeapparat må installerast, kontrollerast og reparerast av fagfolk. Ver oppmerksom på gasslekkasjar. Stopp motoren straks du merkar lekkasje.
- Sjekk det elektriske anlegget og elektriske apparat. Pass særleg på at leidningar ikkje er skada.
- Eldsfarlege væsker må oppbevarast i godkjente kannar og sikrast mot slingring.
- Søl ikkje med drivstoff eller olje. Stopp motoren, sløkk sigarettar og open flamme før påfylling av bensin eller olje.
- Ver tilbakehalden med bruk av choke.





Gassvettreglane

- Propanbeholdaren skal alltid stå oppreist, og må aldri utsetjast for unormal oppvarming eller sterk solvarme
- Ver på vakt mot propanlekkasjar. Gass som lekk ut kan gjere lufta eksplosjonsfarleg og kan antenne av for eksempel open eld, glødande tobakk eller elektrisk gnist.
- Finn eventuell lekkasje snarast mogleg ved å pensle konsentrert såpevatn på slangar og rørforbindelsar. Når gasstrykket setjast på vil såpebobler danne seg på lekkasjestaden.
- Bruk kun slangar for LPG/propan. Sprukne eller defekte slangar må skiftast straks. Største lovlege slangelengde er 1,5 meter (men 1,2 i båt). Bruk slangeklemmer.
- Hold alltid ei tent fyrstikk klar når apparatkрана opnast. Steng for gassen ved behaldaren når anlegget ikkje er i bruk, og hugs å kople frå regulatoren ved lengre tids fråvær.
- Steng for gassen ved behaldaren og bring om mogleg behaldaren til ein trygg stad dersom det oppstår brann
- Hald alltid apparat og behaldar i god stand, men prøv ikkje sjølv å reparere skadar som oppstår. La propanforhandlar gjere kontroll og eventuell overhaling av apparat og anlegg med jamne mellomrom.
- Studer monterings- og bruksanvisninga nøye før apparat og anlegg vert teken i bruk. Spør forhandlaren dersom du er i tvil om noko.